

Ordføraren sitt hjørne – Juni 2019



Den siste tida har det vore mykje fokus på alle dei store investeringane kommunen må gjera i åra framover, og korleis me skal greie å finansiere dette. Det vil bli auka utgifter for å dekke kapitalkostnader og det vil også bli auke i driftsutgiftene særleg i pleie og omsorg. Nokon trur sikkert at det står dårleg til med kommunen økonomisk. Det gjer det ikkje i dag, men dersom det ikkje blir prioritert rett og me ikkje er nøysame, så vil kommunen ikkje klare dei mange store utfordringane som ligg framom oss.

Folketalet i Hemsedal veks, men det veks mykje saktare enn det har gjort dei siste åra. Det er mykje som tyder på at det vil vekse også i åra som kjem med nye utbyggingar innan reiselivet. Og det tyder også på at det blir satsa meir på heilårsaktivitetar. Det treng me fordi kommunen sine inntekter er kopla veldig sterkt til folketalet og alderssamansettinga. Rekneskapen dei siste åra har synt gode resultat, og kommunen har no over 50 millionar kroner på fritt disposisjonsfond + ein del på diverse bundne fond. Me er ikkje raka fant no, tvert om.

Dei store investeringane framover er ny sentralskule, sjukeheimplassar og omsorgsbustader, helsestasjon og infrastruktur. Summen av alt dette blir svært høge tal. Administrasjonen har lagt fram eit oversyn som endar opp på over 600 millionar kroner på nye investeringar. Dette er langt over kva me kan greie sjølv med eigedomsskatt som ny inntekt. Kor står me i planlegginga no? Kommunestyret har vedtatt reguleringsplanen for Trøym sentrum. Den legg rammene for kva som kan nyttast til diverse utbyggingar og parkering. Kommunestyret har også sagt kva som skal leggjast inn i anbodet i samband med skulebygginga. Det er nytt skulebygg og omgjerung av eksisterande skule til ein funksjonell og god 1-10 skule. Det skal også vera med i anbodet eit parkeringsanlegg med idrettshall oppå vest for Trøymshallen, og det skal settast av areal for symjebasseng. Stipulert kostnad på dette er 200 millionar kroner. I tillegg kjem utgifter til grunnkjøp. Parkeringsanlegget er tenkt for skulen sine tilsette og som parkering for sentrum som t.d. «Høyt og Lavt» parken.

Det må også byggjast omsorgsbustader, sjukeheimplassar og nødvendige tiltak på helsestasjonen. Talet på personar over 80 år vil vekse jamt og trutt dei komande åra, frå vel 100 i dag til nærare 200 om 15 år. Bygdaheimen med omsorgsbustadane har ikkje noko ledig no. Dette gjer det vanskeleg med kapasitet for avlastningsplassar og for å ta imot pasientar som blir utskrivne frå sjukehus. Med stor innsats frå dei tilsette går dette stort sett bra, men det må til fleire plassar med det aller fyrste. Samla utbygging på omsorgsbustader og utviding av sjukeheimen er 50-70 millionar kroner netto. Det er ein god del statstilskot på slike utbyggingar. Det er og ein del infrastrukturtiltak som må takast.

Forsiktig anslag på det som er nemnt over er 300 millionar kroner. Investeringane fører til auka gjeld, og det er rett å legge inn ca 6% av lånesummen for å dekke renter og avdrag. Utbygging av vatn og avløp og bustadfelt har eg ikkje teke med. Det er såkalla sjølvkost rekneskap og det er forskotering som blir gjort frå kommunen si side. I tillegg til kapitalutgiftene blir også auka driftsutgifter, og særleg innafor pleie og omsorg. Det er prat om minst 25 millionar kroner meir i driftsutgifter om 5 år. Det er det som er den største utfordringa. Korleis skal me greie dette innafor driftsbudsjettet. 15 millionar kan kanskje dekkast med eigedomsskatt. Så er det å håpe på at meir heilårsarbeidsplassar vil gje kommunen folketalsvekst og større inntekter som rammeoverføring og skatt. Eg har tru på at det, og at kommunen kan fortsetja å gje gode tenester også i åra framover. Det blir spennande og utfordrande for det nye kommunestyret og for alle tilsette framover. Det er mykje på gang.

God sommar!

Nyt dei fine dagane som sikkert kjem!

Helsing
Oddvar Grøthe
ordfører